

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 06.11.2017
Vår ref.: 2016/2550-21
Saksbehandlar: inggase
Dykkar ref.:

Rapport evaluering av museumsreforma i Hordaland

Viser til vedtak i politisk sak, PS 89/2017, handsama i fylkestinget 3.10.2017, som gjeld oppfølging av rapporten *Evaluering av museumsreforma i Hordaland*.

Vedtak

1. *Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport Evaluering av museumsreforma i Hordaland til vitande.*
2. *Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellestenester kjem positivt ut.*
3. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikktutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.*
4. *Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar.*

Dei konsoliderte musea og kommunane vil i byrjinga av nyåret 2018 bli kalla inn til møte for vidare oppfølging av vedtak i saka.

For innsyn i saka sjå <http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=559>

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.